
Vår referanse 2021/27313-2
Dato 14.07.2021

SKATTEETATEN
Postboks 9200 Grønland
0134 OSLO

Fråsegn - avgift på landbasert vindkraft

Vestland fylkeskommune påpeikar fyrst at denne høyringa er gjeve med ein håplaut kort høyringsfrist. Fristen er set til måndag etter fellesferien, noko som har gjort det umogleg for oss å handsama denne saka politisk. Kommunar og fylkeskommunar er politiske organ der dei folkevalde ikkje har møte i fellesferien. Staten misser såleis verdifulle demokratiske innspel ved å setje slike fristar.

Bakgrunn for saka

Høyringsforslaget handlar om ei produksjonsavgift på landbasert vindkraft. Denne avgifta skal gå til vertskommunane. Det vert ikkje teke stilling til omfordeling mellom kommunar eller storleiken på avgiftssatsen. Hovudspørsmålet i høyringa er om avgifta skal basera seg på faktisk produksjon eller installert effekt.

Vestland fylkeskommune er medlem i Kraftfylka, som jobbar for dei kraftproduserande fylka sine interesser i saker knytt til kraftproduksjon og -distribusjon. Som medlem i Kraftfylka tek fylkeskommunen òg del i deira høyringsinnspel i denne saka. Kraftfylka er opptekne av at det må liggje igjen en kompensasjon lokalt og regionalt for naturinngrepa som kjem med utbygging av vindkraft. Samstundes er det viktig at deler av verdiskapinga vindkraft gjev gagnar folka i heile området råka av utbygginga. Kraftfylka, saman med samla kommunesektor og kraftbransje, har tidlegare spelt inn i brev til Stortingets Energi- og miljøkomité 6. november 2020 og oppfølgingsbrev til Stortingets Finanskomité 1. juni 2021 følgjande forslag:

- «En naturressursskatt må komme på plass for vindkraft, slik tilfellet allerede er for vannkraft. Det vil sikre vertskommuner og vertsfylker en andel av verdiskapingen.
- Næringen bør også betale en miljøavgift (naturavgift e.l.) knyttet til ulempene for befolkning og miljø som virksomheten innebærer. Provenyet av denne avgiften bør komme som kompensasjon til de lokalsamfunnene som stiller sine naturressurser til disposisjon og opplever ulempene.»

Vurdering

Slik forslaget no ligg føre, er det to omsyn som må vegast. Desse er behovet for føreseieleg aktivitet og kompensasjon for vertskommunane og lønsamheita til selskapa. Begge omsyn er viktige, sidan det vert lite ny kraftproduksjon om det ikkje kjem ei lokal kompensasjonsordning på plass, eller om næringa skattast for hardt.

Fylkeskommunen ber om at dei ulike måtane å kalkulera avgift på vurderast ulikt på ulike typar anlegg. Vi meiner at natur-, miljø- og samfunnsnyttefaktorar for vindkraftanlegg er så forskjellige ut frå kvar anlegget er plassert at det er aktuelt å nytta ulike typar avgift på ulike anlegg. Arealføremål i kommunal arealplan kan vera eit godt utgangspunkt for ei slik vurdering.

Avgift frå vindkraftanlegg i natur bør reknast frå installert effekt. Storleiken på turbinar og råka areal korrelerer direkte med installert effekt. Desse faktorane bestemmer kor mykje anlegget påverkar kommunar, bebuarar og natur negativt. Difor bør avgifta vera effektbasert i naturområde. Dette oppmodar òg til å nytta solid teknologi som sikrar effektive anlegg. Effektbasert avgift har ulemper for eldre kraftverk med grunna mindre produksjon per MW installert effekt.

Avgift frå vindkraftverk på asfalt i industriområde bør reknast frå produksjon. Ved vindturbinar på asfalt i etablerte industriområde ofrar ein effektivitet i produksjonen for å plassere turbinar der ein har eit stort kraftbehov med minimale konsekvensar for natur og miljø. Ved slike tilfelle vil effektbasert avgift truleg ha svært negative konsekvensar for næringa. På slike stader vert det meir passande med ei produksjonsbasert avgift. Produksjonsbasert avgift er uheldig for kommunar som er avhengige av føreseielege inntekter frå anlegga.

Om det vurderast for vanskeleg å ha ulike måtar å kalkulera avgift på for ulike anlegg ber vi om ei avgift basert på snittproduksjonen frå anlegget over fleire år. Dette kan vere eit godt kompromiss som kan nyttast over heile lina.

Vi ser fram til vidare prosess med spørsmåla om omfordeling av naturressursinntekter mellom staten, kommunar og fylkeskommunar og storleiken på avgifta.

Avgift basert på installert effekt

Ei effektbasert avgift talar for ein føreseieleg kvardag for kommunane. Økonomien for kommunane er trygg sidan inntektene kjem uavhengig av produksjonsforhold. Ordninga verkar ikkje like godt for kraftprodusentane. Det er stor forskjell på kraftverk, både ut frå teknologi på etableringstidspunktet og vindforholda ved anlegget.

Ei rein effektbasert avgift skattar eldre kraftverk hardare, sidan det er lågare årsproduksjon per MW i eldre kraftverk enn i nye. Dette gjev ekstra last for allereie marginale kraftverk.

I tilfelle der utbyggjarar vil etablere anlegg i eksisterande industriområde er konsekvensane for natur og miljø ofte mykje mindre. Det er mange faktorar som kan vega opp for redusert produksjon ved slik plassering. Turbinar i etablerte industriområde har kanskje allereie det meste av infrastrukturen (tilkomst, kraftnett, mv.) dei treng på plass, slik at nye inngrep vert minimale. Det er òg strategisk å etablere produksjon, uansett storleik, i industriområde med stor kraftteterspurnad sidan krafta då ikkje må transporterast over lange strekk gjennom store kraftliner.

Sidan det ofte er mindre vind i etablerte industriområde enn i høge fjellområde vil ei effektbasert avgift truleg gjera vindturbinar på asfalt til eit svært uøkonomisk tiltak. Dette er uheldig.

Avgift basert på faktisk produksjon

Faktisk produksjon varierer med vindforhold og alder på anlegg. For kraftprodusentane er dette ei god løysing, sidan avgifta varierer med lønsamheita til anlegget. Dette gjer at marginale kraftverk ikkje skattast for høgt, og det betrar situasjonen for kraftverk bygd under andre forutsetningar.

For kommunane er dette i utgangspunktet meir problematisk. Dei er avhengige av føreseieleg budsjettplanlegging. Det er òg verdt å merke seg at vindkraftverk ofte ligger i kommunar med få andre inntekter frå naturressursar. Avgifta kan difor verta eit viktig økonomisk supplement i kommunal planlegging. Sidan ei produksjonsbasert avgift varierer mykje avhengig av alder på anlegget og vindforhold, kan det skape utfordringar frå eit år til et anna. På den positive sida er det meir realistisk å ta ei høgare produksjonsavgift enn ved en effektbasert avgift, sidan lønsamheita til selskapet er medrekna. Dette talar for å innføre ei produksjonsavgift, avhengig av ulikskapen i storleik på de to typane avgifter.

Avgift basert på snittproduksjon

Eit tredje alternativ, nemnd i høyringsnotatet, er å nytte snittproduksjon over fleire år som utgangspunkt. Dette kan være et godt kompromiss som sikrar eit fundament basert lønsamheit, særleg for eldre kraftverk. Samstundes vert det føreseieleg for kommunane.

Med helsing

Sølve Dag Sondbø
seksjonssjef

Bjørnar Tjoflot
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

